

Arvid Alver  
Postboks 128  
5903 Isdalstø

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering 195/02	
24. 10. 2012	
Ark. saksnr. 2010/576	Løpenr.
Saksnr. BENT	Tilgangskode

Leiknes 23.10.12

Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 Isdalstø


Kan no meddele at etter lang kamp og mykje unødig brevskrivning, bortkasta tid og penger har utbyggjar Midtgård med Kåre Romarheim i spissen ordna betaling for areal dei tok frå underteikna. Rekna med å sleppe fleire slike saker, men der tok eg feil. Det har no dukka opp ei ny sak som gjeld 195/32. Ei hytte som er eigd av ein Pedersen. Frå denne parsellen har det dukka opp ein bilveg, som er kobla inn på min private bilveg, som vart laga i 1998. Dette har eg ikkje gjeve løyve til, men det er heller ingen som har spurd. Denne avkjørsla på min eigedom skal bort og då spør eg. Kan Lindås Kommune ordna opp i dette?

Har mottene nokre brev frå Pedersen sin advokat der det går fram at han ikkje vil snakke med underteikna og all dialog skal gå gjennom advokat. Det er greit nok, men merkelig at ikkje det går an å snakke med rette eiga på førehand istadenfor å ta seg til rette på annan manns eigedom. Dette som har foregått bak min rygg med bruk av min private bilveg i nokre år er utanfor regelverket. Pedersen hevdar han har rett til å kjøyre på denne vegen. Dvs. han meiner at eg skal spandere ein kostbar veg til hans bruk. Går ut frå at låven er lik for alle og at Pedersen må kjøpe bruksrett dersom han skal byggje om frå hytte til heilårs bustad. Slik framferda til Pedersen har vore til no må eg meddele at eg har mista all lyst til å selje noko til han, og beklagar samstundes at mange parter skal verta hefta med slik framferd.

Vil også minne om at eg sjølv har fått avslag på alle mine søknader frå Lindås kommune når det gjeld dette området. Med svar frå Dykk om at det ikkje vert fleire heilårsbustader her. Begrunna med fint turområde og andre tomtar til salg på Leiknes. I og med dette må eg starte opp igjen med beiting av dette området, med stor fare for hund - sau tragediar, som eg har hatt mange av. Seinast no i haust med tragisk utfall. Difor er eg ikke begeistra for fleire heilårs bustader i dette området. Sender med kart som syner vegen Pedersen har laga på min eigedom.

Vonar på svar frå dykk.

Helsing  
  
Arvid Alver



Her har det vorte laga arkbyrseel  
 frå bygga inn på min eigedom utan  
 løyve frå underteikna.

Arvid Alver.

Dato 20.06.2011	DAK R.Sætre	Målenhet m.	Målestokk 1:1000	<b>Arvid Alver</b> Hodnesdalsvegen Nr 50, 5915 Hjelmås Postboks 128, 5903 Isdalstø
Filnavn	Underlag:	Godkjent		

**Leiknes**  
 Lindås kommunem Gnr 195, Bnr 4  
 Illustrasjonsplan tomtedeling

**00000-100**